



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: [fmsfes@fylkesmannen.no](mailto:fmsfes@fylkesmannen.no)

Vår dato  
19.12.2018  
Dykkar dato  
07.11.2018

Vår referanse  
2018/3865- 431  
Dykkar referanse  
201836836

Noregs vassdrags- og energidirektorat

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Fråsegn til søknad om uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet i Hyllestad kommune - Salbu Produksjon AS

Vi viser til oversendinga 28.9.2018 med høyring av søknad frå Salbu Produksjon AS om løyve til uttak av vatn til settefiskproduksjon. Det er søkt om å ta ut inntil 167 l/s frå Salbuelva frå eksisterande dam ved kote 15, og regulere Ramsgrøvatnet mellom kote 143,3 og 145,0.

Fylkesmannen skal vurdere om utbygginga får konsekvensar for allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv. Vi er mynde etter lov om laksefisk og innlandsfisk og etter ureiningslova, og vi har eit sektoransvar for beredskap og landbruk. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

### Vurdering

Det er planlagt å nytte den eksisterande dammen som har vore brukt til settefiskproduksjon i ein lengre periode frå 1980-talet. Det føreligg ingen planar om å fjerne dammen, og dermed vandringshinderet for sjøaure. I søknaden (samandraget) er det motstridande opplysningar om kor langt det er frå dammen til det naturlege vandringshinderet; «.. siden neste hinder i elva er 800 m lengre opp, ..», og «siden neste hinder er 120 m lengre opp, ..».

Det vart prøvafiska på ein stasjon nedanfor dammen, og det vart påvist både laks og sjøaure. Den andre stasjonen var om lag midt på tiltaksstrekninga opp til Ramsgrøvatnet, og er sannsynlegvis ovanfor det naturlege vandringshinderet. I miljørapporten er det naturlege vandringshinderet og produksjonspotensialet for anadrom fisk på den opphavlege anadrome strekninga ikkje vurdert.

Vi har difor ikkje grunnlag til å vurdere potensialet for sjøaure og laks opp til det naturlege vandringshinderet. Det ville vore ønskeleg å få etablert vandring forbi dammen, men utbyggar har argumentert mot dette, og ønskjer i staden å leggje til rette for betre produksjon på dagens strekning (minstevassføring og forslag om habitattiltak). Vi er einige i at minstevassføring og eventuelt habitattiltak kan auke overlevinga av ungfisk og betre produksjonen, men vi har ikkje grunnlag for å samanlikne dette med den naturlege anadrome strekninga. Ut frå opplysningane i søknaden vil strekninga frå dammen og opp til det naturlege hinderet, utgjere frå ein ikkje ubetydeleg til ein stor del av den opphavlege produksjonsstrekninga for anadrom fisk.

Oppdemminga av Ramsgrøvatnet og vassuttaket, som vil utgjere ca. 10% av årsavrenninga, vil redusere effekten av flaumar og vil dermed kunne påverke fiskeoppgangen. Samtidig vil den planlagde minstevassføringa tilsvarande alminneleg lågvassføring auke det absolutte lågnivået gjennom året, noko som er venta å få positiv effekt på overlevinga av fisk i vassdraget. Miljørapporten peiker også på at det er potensial for å auke fiskeproduksjonen ved å betre habitatet for fisk på strekninga. Vidare er det foreslått tiltak for å oppretthalde vandringsvegen for ål (raudlista, sårbar – VU) mellom sjøen og Ramsgrøvatnet. Ut frå dette vurderer vi at utbygginga vil få små og akseptable konsekvensar for anadrom fisk og ål ut frå tilstanden i dag, føresett at det vert iverksett avbøtande tiltak og nytta fiskefagleg kompetanse til dette. Ifølgje miljørapporten er det heller ikkje

venta særlege konsekvensar for den overtalige aurebestanden i Ramsgrøvatnet, men det er peika på at vandringsvegen mellom vatnet og utløpselva bør oppretthaldast.

Vi kjenner ikkje til viktige naturtypelokalitetar eller raudlisteartar som kan verte negativt påverka av vassuttaket eller dei tekniske inngrepa knytt til anlegget. Inngrepa er i stor grad knytt til eksisterande inngrep. Vi legg til grunn at det vert stilt krav om god estetisk utforming og best mogleg terrengtilpassing for alle tekniske anlegg, og tilstelling etter anleggsperioden slik at stadeigen vegetasjon får reetablere seg.

Vi legg til grunn at det i handsaminga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi viser til reglane for mellombels anleggsdrift i ureiningslova § 8 når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Søkar må vurdere om det er behov for støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

### Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til vassuttak frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet. Det må likevel vurderast om det bør etablerast vandringsveg for anadrom fisk forbi inntaksdammen. Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunne vurdere kva konsekvensar vandringshinderet i inntaksdammen har på produksjonen av anadrom fisk. Vi legg til grunn at det vert nytta fagleg ekspertise i detaljplanlegginga og under utbygginga, for å sikre at avbøtande tiltak får den tilsikta effekten.

Med helsing

John Anton Gladsø  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Hyllestad kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Miljødirektoratet